



Referat frå elevrådsmøte for 5-7, torsdag 16.02.23

Desse møtte: Frøya Smådal-Gjertsen (5A), Lisa N. Lending (5A), Netsereab M. Habteyes (5B), Isabel J. Fauske (5B), Nora T. Leikanger (6A), Elias S. Espedal (6A), Kristoffer H. Fitje (6B), Anna Belinda T. Areklett (6B), Emily J. Fauske (7A), Even K. Leikanger (7A), Brage S. Lending (7B), Ariel M. Dåvøy (7B), og Hilde S. Strandos (elevrådskontakt).

SAKSLISTE

Sak 1: Evaluering av helseveka

Temadagane:

- **Utkledningsdagen:** Det var ikkje alle som ynskjer å kle seg ut / få som hadde kledd seg ut. Opplev det som kjekkare når det er noko dei fleste er med på. Usikker på om ein ynskjer å vidareføre denne temadagen.
- **Klassens dag:** Litt varierende oppleving av denne dagen. Den generelle tilbakemeldinga er at mange av klassane brukte lite tid på å planlegge/drøfte dagen i forkant. Dersom ein skal halde fram med denne dagen, er det viktig at ein legg opp førebuingane i klassane betre på førehand – her er det viktig at elevane sine stemmer blir høyrde. Elevrådet drøfta at det ligg eit stort potensiale i denne dagen om ein brukar meir tid i klassane på førehand, kanskje med noko hjelp/«retningslinjer» frå elevrådet.
- **Kosekle-dagen:** Dette er ein dag der dei aller fleste dukkar opp med kosekle. Dette er ein dag Oppsummert: mange med kosekle. Ein dag vi vil vidareføre.
- **ASK-dagen:** Mange syns dette er ein kjekk dag og likte den godt. Den generelle tilbakemeldinga er at ein ynskjer å ha med denne temadagen vidare. Nokre kom med innspel om at det kan vere kjekt å ha ASK ute også. Kanonballturnering var kjekt. Fint å kunne blande lag i turneringa. Det blir også nemnt forbettringspotensiale knytt til turneringa: det blei mykje venting for dei laga som rauk tidleg ut – her burde ein funne på nokre aktivitetar. Det kom også innspel om at nokre kampar vart avgjort med stein, saks papir – dette var det fleire som ikkje syns noko om. I tillegg var det mange som sto i ein flokk rundt sekretariatet for å få informasjon – kanskje ein kunne funne betre måtar å orientere på undervegs.
- **Kreativ dag:** Den generelle tilbakemeldinga frå klassane er at dette var ein kjekk dag som ein ynskjer å vidareføre. Nokre nemner at ein kunne tenkt seg meir friheit; t.d. på minecraft-gruppa.

Opplegg/besøk på trinna:

- **5. trinn – pubertetsundervisning med helsesjukepleiar:** Det var eit bra opplegg, men ikkje så gøy. Nokon synast det var litt ubehageleg tema. Bra at det vart delt i to grupper: jenter og gutar. Lærerikt. Fungerer bra å ha denne økta i løpet av helseveka.
- **6. trinn – bevegelsesøkt med fysioterapeut:** Mange synast det var ei litt kjedeleg og uinteressant økt. Ei litt rar oppleving. Det blei ein del bråk frå elevane. Erfaringane i år tilseier at dette ikkje er ei økt ein ynskjer å vidareføre.
- **7. trinn – tannhelse med tannlege og tannpleiar:** Det var ikkje eit kjempespennande opplegg, men likevel okei. Alle saman lærte noko. Det var bra informasjon og dei to som kom frå tannklinikken var flinke å fortelje. Eit opplegg som bør vidareførast.

Andre tilbakemeldingar knytt til helseveka:

Om veka som heilskap seier elevrådsrepresentantane at dette er ei kjekk veke som ein ynskjer at skulen skal halde på. Det er mange varierte dagar og eit avbrekk i ein vanleg skulekvardag. Ei veke mange ser fram til og gler seg til.



Sak 2: Tilbakemelding frå vaktmeister Johan

Johan har svara fylgjande på saker som kom inn på førre elevrådsmøte:

- **Tek tid før vatnet blir varmt i dusjgarderobane:** Johan har justert temperaturen litt opp. Generelt kan det ta litt tid før varmtvatnet kjem, då det har ein litt lang veg. Spesielt vil dette merkast for dei som brukar dusjane først på dagen. Om vatnet blir passeleg varmt etter ei stund, får ikkje Johan gjort noko meir med det. Om det derimot ikkje blir varmt i det heile, skal det ikkje vere slik. Elevane blir bedt om å prøve ut korleis det fungerer no. (Elevrådsrepresentantane fortel i møtet at vatnet blir varmt etter kvart).
- **Lys som slår eg rakst av på toalett i garderobe 5/6:** Har på ny forsøkt å justere det slik at det skal lyse lenger. Ynskjer tilbakemelding dersom ein ikkje er nøgd. (Nokre av representantane seier dei opplever at det varer noko lenger, andre meiner det framleis ikkje er lenge nok).
- **Vask som er «laus» i garderobe 5/6:** Vask/blandebatteri er ordna/festa.

Sak 3: Arbeid med innkomne saker

Klassane var til møtet bedt om å komme med argument for og mot til dei to sakene under. Elevrådet har no fått inn argumenta og vil arbeide vidare med utgangspunkt i desse etter vinterferien.

Ynskjer å kunne spele brettspel inne (eller ute) i friminutta	
Argument FOR	Argument MOT
Brettspel kan vere eit alternativ på fredagar når det ikkje er TL-aktivitetar i matfri.	Det kan bli færre på TL-aktivitetane om ein kan nytte brettspel i alle friminutta.
Til bruk ute kan ein kjøpe store spel i plast som toler vær og vind.	Dei som meiner ein blir våte og kalde av å vere ute i friminutta: kan stille seg under tak ute.
Ein kan laminere kortstokkar og slik ta dei med ut utan at dei blir øydelagde.	Dersom det skal vere ute, kan det bli vanskeleg. Spel kan bli øydelagd, blåse vekk eller ein kan miste dei. Betre å vere inne.
Dersom ein har det som eit alternativ inne, slepp ein å bli våt og kald om det regnar ute.	Det er bra å få frisk luft i løpet av dagen og vere ute å bevege seg i friminutta. Med brettspel blir ein sittande endå meir.
Det kan vere eit bra tiltak for å skape fellesskap på tvers mellom elevane på mellomtrinnet.	

Ynskjer at det skal vere valfritt om ein vil dusje etter kroppsøvingstimane	
Argument FOR	Argument MOT
Ein mister mykje av friminutta pga dusjing.	Det er ekkelt og ubehageleg om ein går rundt og luktar sveitte etter ein kroppsøvingstime.
Dersom ein har kroppsøving i siste time, så kan ein la vere å dusje fordi ein skal rett heim – og då slepp ein å kjenne på andre si sveittelukt.	Ein kan oppleve at nokon ser rart på ein fordi ein kan lukte sveitte, og kanskje kjenner ein ikkje lukta sjølv.
Det er ubehageleg å dusje i ein garderobe saman med fleire.	Det er svært uhygienisk om ein ikkje dusjar etter ein kroppsøvingstime.
Så lenge det ikkje er dusjforheng eller veggjar er det ubehageleg med felles garderobe.	Det vil bli urettferdig om det blir slik at nokre dusjar, men andre ikkje.

Beste helsing

Nora Taule Leikanger
Referent

Emily Jensen Fauske
Elevrådsleiar 5-7

Hilde Sognnæs Strandos
Elevrådskontakt 5-7